



## KOMMUNESTYRET SITT DELEGASJONSREGLEMENT VEDTEKE SEPTEMBER 2020

### Innhald

<b>1. MÅLSETTING FOR DELEGASJONSREGLEMENTET .....</b>	<b>4</b>
<b>2. GENERELLE REGLAR OM BRUK AV DELEGERT FULLMAKT .....</b>	<b>4</b>
2.1 RETNINGSLINJER FOR UTØVING AV FULLMAKT .....	4
2.2 TILBAKEMANNTALING AV FULLMAKT I ENKELTSAKER .....	4
2.3 RETT TIL Å IKKJE GJERE BRUK AV DELEGERT FULLMAKT I SÆRSKILDE HØVE.....	4
2.4 KLAGEHANDSAMING .....	4
2.5 OMGJERDSRETT .....	4
2.6 MINDRETALSANKE .....	5
2.7 HASTESAKER.....	5
2.8 VIDARE DELEGERING.....	5
2.9 DELEGERING TIL ORDFØRAR .....	5
<b>3. DELEGASJON AV FULLMAKT I ØKONOMISAKER .....</b>	<b>5</b>
3.1 VILKÅR FOR DELEGASJON .....	5
3.2 OMDISPONERINGAR OG OVERFØRINGAR .....	5
3.3 LÅN .....	6
3.4 ETTERGIVING AV LÅN ELLER KRAV: .....	6
3.5 BETALINGSUTSETJING: .....	6
3.6 FORLIK .....	6
3.7 KJØP OG SAL AV EIGEDOMMAR: .....	6
3.8 TILDELING AV STARTLÅN (FORSKRIFT HUSBANKLOVA).....	6
<b>4. DELEGASJON AV FULLMAKT I PERSONSAKER .....</b>	<b>6</b>
<b>5. FASTSETJING AV ADMINISTRATIV ORGANISERING: .....</b>	<b>7</b>
<b>6. RETTEN TIL Å REPRESENTERA KOMMUNEN .....</b>	<b>7</b>
6.1 HØVE TIL Å KREVJA OFFENTLEG PÅTALE ETTER § 79 I STRAFFELOVA: .....	7
6.2 ANKE AV SAK SOM HAR GÅTT I FYLKESNEMNDA FOR BARNEVERN .....	7
6.3 REPRESENTASJON I SELSKAP OG SAMEIER .....	7
<b>7. FULLMAKTER I KRISE OG BEREDSKAPSSITUASJONAR.....</b>	<b>8</b>
<b>8. DELEGASJON AV LOVAR TIL POLITISKE ORGAN OG RÅDMANN .....</b>	<b>8</b>
8.1 ALKOHOLLOVA .....	8
8.2 AKVAKULTURLOVA.....	8
8.3 ARKIVLOVA.....	9
8.4 BARNEHAGELOVA .....	9
8.5 BARNEVERNLOVA .....	9
8.6 BEITELOVA .....	9
8.7 BRANN- OG EKSPLOSJONSVERNLOVA .....	9

8.8	BYGDEALLMENNINGSLOVA .....	9
8.9	DISKRIMINERINGSLOVA.....	9
8.10	DISKRIMINERINGS- OG TILGJENGELIGHETSLOVA.....	9
8.11	DYREHELSEPERSONELLOVA .....	9
8.12	EIERSEKSJONSLOVA .....	10
8.13	ENERGILOVA.....	10
	FJELLOVA .....	10
8.14	FOLKEBIBLIOTEKSLOVA.....	10
8.15	FLAGGING PÅ KOMMUNALE BYGNINGAR.....	10
8.16	FOLKEHELSELOVA .....	10
8.17	FORPAKTINGSLOVA .....	10
8.18	FORUREININGSLOVA.....	10
8.19	FRILUFTSLOVA.....	10
8.20	FRITIDS- OG SMÅBÅTLOVA .....	11
8.21	GJELDSORDNINGSLOVA .....	11
8.22	GJERDELOVA.....	11
8.23	HAMNE- OG FARVANNSLOVA .....	11
8.24	HANNDYRLOVA .....	11
8.25	HELSE- OG OMSORGSTJENESTELOVA .....	11
8.26	HELSEPERSONELLOVA .....	11
8.27	HELSEMESSIG OG SOSIAL BEREDSKAP .....	11
8.28	HELSEREGISTERLOVA .....	12
8.29	HUNDELOVA.....	12
8.30	HUSLEIELOVA.....	12
8.31	INTRODUKSJONSLOVA.....	12
8.32	JORDLOVA .....	12
8.33	JORDSKIFTELOVA .....	12
8.34	KOMMUNELOVA.....	12
8.35	KONSESJONSLOVA.....	13
8.36	KULTURLOVA .....	13
8.37	KULTURMINNELLOVA.....	13
8.38	KRISESENTERLOVA .....	13
8.39	LAKSELOVA.....	13
8.40	MATRIKKELLOVA .....	13
8.41	MOTORFERDSEL I UTMARK OG VASSDRAG.....	13
8.42	NATURMANGFOLDLOVA.....	13
8.43	NAV-LOVA.....	13
8.44	NÆRINGSBEREDSKAPSLOVA .....	14
8.45	ODELSLOVA .....	14
8.46	OPPLÆRINGSLOVA .....	14
8.47	PASIENT- OG BRUKARRETTIGHETSLOVA .....	14
8.48	PLAN- OG BYGNINGSLOVA .....	14
8.49	PSYKISK HELSEVERNLOVA.....	15
8.50	SERVERINGSLOVA .....	15
8.51	SIVILBESKYTTELSESLOVA .....	15
8.52	SKOGBRUKSLOVA.....	15
8.53	SMITTEVERNLOVA.....	15
8.54	SOSIALE TENESTER I NAV .....	15
8.55	SPESIALISTHELSETJENESTELOVA .....	15
8.56	STADNAMNLOVA .....	15
8.57	TOBAKKSKADELOVA .....	15

8.58	VASSRESSURSLOVA .....	16
8.59	VEGLOVA .....	16
8.60	VEGTRAFIKKLOVA .....	16
8.61	VILTLOVA.....	16
<b>9.</b>	<b>KLAGEREGLEMENTET (INTERNKLAGE) FOR SULDAL KOMMUNE .....</b>	<b>17</b>

# **1. MÅLSETTING FOR DELEGASJONSREGLEMENTET**

Kommunelova § 6 gir all vedtaksmynde til kommunestyret så sant dette ikkje er delegert vidare gjennom eit delegasjonsvedtak eller særlov.

Delegasjonsreglementet til Suldal kommune skal legge tilhøva til rette for lokalpolitisk styring og effektiv tenesteyting.

Reglementet har elles desse målsettingane:

- Sikra ei god og effektiv sakshandsaming.
- Gje kommunestyret og dei politiske utvala tid og høve til å driva overordna politisk styring av kommunen og ta avgjerd i prinsipielle saker.
- Vedtaksmynde nær brukaren
- Klargjere ansvarsfordelinga mellom politiske organ og administrasjonen.

## **2. GENERELLE REGLAR OM BRUK AV DELEGERT FULLMAKT**

### **2.1 RETNINGSLINJER FOR UTØVING AV FULLMAKT**

All delegert fullmakt skal verta ut øvd i medhald av lovar, forskrifter og retningslinjer som er gjevne av overordna organ, og innanfor budsjetten sine rammer og føresetnader. Delegert fullmakt til administrasjonen til å treffe vedtak i enkeltsaker eller typar av saker gjeld berre i saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

### **2.2 TILBAKEKALLING AV FULLMAKT I ENKELTSAKER**

Eit overordna organ eller leiar kan i spesielle høve krevja å få seg framlagt ei konkret sak til uttale eller avgjerd som eit underordna organ eller underordna medarbeidar har til handsaming i medhald av delegert fullmakt.

### **2.3 RETT TIL Å IKKJE GJERE BRUK AV DELEGERT FULLMAKT I SÆRSKILDE HØVE**

Den som har fått delegert fullmakt kan overlate til det overordna organ å ta avgjerd der spesielle høve tilseier dette.

### **2.4 KLAGEHANDSAMING**

Handsaming av klage over forvaltningsvedtak fylgjer forvaltningslova sine reglar med mindre anna er sagt i den einskilde særlov. Klage over vedtak som er tatt på grunnlag av intern delegasjon frå leiar til medarbeidar skal verta lagd fram for leiaren til avgjerd dersom medarbeidaren ikkje finn grunn til å gjera om vedtaket til gunst for klagaren. Klagehandsaminga følgjer elles klagereglementet vedteke av kommunestyret.

### **2.5 OMGJERDSRETT**

Eit overordna organ eller leiar kan innanfor rammene av forvaltningslova §35 av eige tiltak gjere om eit underordna organ eller underordna medarbeidar sitt vedtak.

## 2.6 MINDRETALSANKE

I saker der utvalet er delegert avgjerdsrett frå kommunestyret, kan 2 medlemmer, eller ordføraren før møtet er slutt, krevje saka lagd fram for kommunestyret. I budsjettsaker har rådmannen også rett til å legge eit vedtak inn for overordna organ innan ein kort frist etter det møtet der vedtaket vart gjort.

## 2.7 HASTESAKER

Formannskapet kan gjere vedtak i saker som krev rask avgjerd sjølv om kompetansen ligg til kommunestyret. (kom.lov § 11-8) dersom det ikkje er tid til å innkalla ordinært kommunestyre. Ordførar har tilsvarande fullmakt til å gjere vedtak dersom situasjonen er slik at det ikkje er tid til å innkalla formannskapet.

Formannskapet kan avgjera desse sakene i fjernmøte etter kommunelova § 11-7

## 2.8 VIDARE DELEGERING

Rådmannen kan laga eit eige delegeringsreglement som vidaredelegerer kompetansen i organisasjonen. Det er også høve til å vidaredelegere til organ i andre kommunar dersom det er vedteke ein samarbeidsavtale om vertskommunearbeid etter § 28 i kommunelova.

## 2.9 DELEGERING TIL ORDFØRAR

Ordførar har fullmakt til å treffa vedtak i einskildsaker og saker som ikkje har prinsipiell betydning, herunder også pengeløyvingar på inntil kr. 50.000 frå formannskapet sin disposisjonskonto.

# 3. DELEGASJON AV FULLMAKT I ØKONOMISAKER

## 3.1 VILKÅR FOR DELEGASJON

Det budsjettet som kommunestyret har vedtatt er bindande på det nivå som budsjettet er vedteke på (t.d. teneste eller område) for alle ledd i kommuneforvaltninga, unntatt for kommunestyret.

Dei fullmakter som er gjevne under nedanfor må ikkje brukast i strid med dei føresetnader eller intensjonar som er lagde inn i budsjettet. Nye tiltak må ikkje setjast i gang utan kommunestyret si godkjenning. Dette gjeld også for monalege utvidingar/innskrenkingar av eksisterande tiltak.

Omdisponeringane som vert gjorde må ikkje føra til bindingar for kommunen utover budsjettåret og eit organ sine omdisponeringar må ikkje binde avgjerder som skal takast av andre organ.

## 3.2 OMDISPONERINGAR OG OVERFØRINGAR

**Formannskapet** vert gjeven fullmakt i høve rekneskapsavslutninga til:

1. Å gjere om eventuelle avsetjingar og inndra rest av overførbare løyvingar dersom det er naudsynt for å unngå underskot i rekneskapen.
2. Å gjere løyvingar overførbare dersom særlege grunnar talar for det.
3. Ved meirinntekter knytta til drifta i kommunen (dei ulike tenestene) får **rådmannen** fullmakt til å disponera desse utifrå følgjande prinsipp:
  - a. Auke utgiftsbudsjettet når inntekter er ei direkte følgje av utgiftsauke, t.d. sjukelønnsrefusjon og liknande refusjonar.
  - b. Auke utgiftsbudsjettet når auke i aktivitet også medfører auke i inntekter.

- c. Det er ikkje høve til å auke utgiftsnivået dersom dette medfører tiltak som får driftsfølgjer for seinare år. (t.d. nye stillingsheimlar)

### **3.3 LÅN**

Vedtak om opptak av lån og avdragstida låna skal ha blir gjort av kommunestyret. Det vert delegert til rådmannen å godkjenna låneføresetnader, låneform og låneinstitusjon.

### **3.4 ETTERGIVING AV LÅN ELLER KRAV:**

- Søknader om å ettergje avdrag, renter og andre krav knytta til kommunen sine husbanklån/startlån for vidare utlån, blir delegert til formannskapet
- Inngåing av betalingsavtalar som inneheld ettergjeving av kommunale krav på meir enn 100.000 kroner blir delegert til formannskapet.
- Inngåing av betalingsavtalar som inneheld ettergjeving av kommunale krav på mindre enn 100.000 kroner blir delegert til rådmannen.
- Ordføraren sin kompetanse (domstolslova § 191 og tvistelova § 2-3) til å begjæra tvangsfyllbyrding (utlegg, tvangssal og andre tvangsforføyningar) blir delegert til rådmann når det gjeld kommunen sine krav på kommunale avgifter og privatrettslege krav.

### **3.5 BETALINGSUTSETJING:**

Rådmannen får fullmakt til å gjere avtaler om betalingsutsetjing.

### **3.6 FORLIK**

Ordfører får fullmakt til å inngå forlik på kommunen sine vegne. Øvre grense er -500.000. Forliket skal rapporterast til formannskapet og finansierast ved fyrste aktuelle høve.

### **3.7 KJØP OG SAL AV EIGEDOMMAR:**

- Kommunestyret avgjer kjøp eller sal av eigedommar med avgrensinga under.
- Rådmann blir delegert fullmakt til å gjere avtaler om sal av ubebygde bustad- og næringstomter i regulerte område.
- Rådmannen får fullmakt til å avgjera mindre ikkje-prinsipielle eigedomssal inntil 200 kvadratmeter når salet ikkje medfører reguleringsendring.
- Ordfører undertekner på skjøte og avtalar som rådmann etter fullmakt avgjer og i saker kor det er gjort eit vedtak i rett organ. Varaordfører underteknar dersom ordfører er ugild.

### **3.8 TILDELING AV STARTLÅN (FORSKRIFT HUSBANKLOVA)**

- Kommunestyret fastset låneramme og retningslinjer for startlån, og delegerer oppfølging av forskrifta til levekårsutvalet..
- Kommunestyret delegerer til rådmannen å gi utlån etter retningslinjene for inntil 1.000.000 kroner.

## **4. DELEGASJON AV FULLMAKT I PERSONALSAKER**

Rådmannen har operativt arbeids- og leiaransvar for heile kommuneorganisasjonen. Ansvarert omfattar mellom anna rekruttering, opplæring, organisasjonsutvikling og generell god personalpolitikk. Delegasjonen gjeld:

- Rådmannen kan tilsette i alle stillingar som etter lov ikkje må avgjerast i folkevalde eller lovbestemte organ. Det er ein føresetnad at tilsettingar skjer i tråd med hovudavtalen . (Kommunelov 13-1). Partsamansett utval kan fastsetje reglement for tilsettingar.

- Rådmannen kan endra stillingstorleikar og funksjonar innafør tenesteområda så lenge kommunestyret ikkje direkte har gjort vedtak om stillinga.
- Rådmannen har ansvar for å gje åtvaring, iverksetja suspensjonar, gjennomføra avskjedsak og oppseiing, avgjere permisjonar og andre vanlege personalpolitiske spørsmål.
- Rådmannen har fullmakt til å inngå sluttavtalar som alternativ til oppseiing.

Formannskapet får delegert mynde som vedtaksorgan i saker som gjeld hovudavtale, hovudtariffavtale (herunder også svar på uravstemming og eventuelle høyringar i forkant)

Formannskapet får delegert mynde til å utøva arbeidsgjevarmynde overfor rådmann.

## **5. FASTSETJING AV ADMINISTRATIV ORGANISERING:**

Rådmannen fastset den administrative organiseringa. Ved endringar i denne skal partsamansett utval drøfta saka.

Dersom endring i administrativ organisering medfører auka kostnader skal endringa vedtakast av kommunestyret.

## **6. RETTEN TIL Å REPRESENTERA KOMMUNEN**

### **6.1 HØVE TIL Å KREVJA OFFENTLEG PÅTALE ETTER § 79 I STRAFFELOVA:**

Kommunestyret delegerer til rådmannen å begjæra offentleg påtale etter straffelova.

### **6.2 ANKE AV SAK SOM HAR GÅTT I FYLKESNEMNDA FOR BARNEVERN**

Kommunestyret delegerer retten til å vedta søksmål og vera kommunen sin rettslege representant til Rådmannen.

### **6.3 REPRESENTASJON I SELSKAP OG SAMEIER**

Ordførar blir delegert retten til å representera kommunen i generalforsamlingar og eigarmøte i selskap kor ikkje kommunestyret har oppnemd eigne representantar. Ordførar kan vidaredelegera denne retten.

Rådmannen blir delegert retten til å møta i generalforsamlingar og eigarmøte i bustadsamvirke kor kommunen har eigardelar. Rådmannen kan vidaredelegera denne retten.

## **7. FULLMAKTER I KRISE OG BEREDSKAPSITUASJONAR**

Ordførar og rådmann kan avgjera at det skal erklærast krise slik at det blir sett ned krisestab.

Rådmannen leier krisestaben. Kriseleiinga har fylgjande fullmakter:

- Disponera og eventuelt omdisponera ressursar til hjelp til kriseramma, forpleiing, skadeavgrensing, og sikringstiltak innanfor ei ramma på kr. 1.000.000,-
- Påleggja overtids- og ekstraarbeid.
- Ta hasteavgjersler, også innanfor kommunestyret sin kompetanse, når kriseleiinga finn det naudsynt. Desse skal leggst fram for formannskapet og kommunestyret så snart det er forsvarleg og høve til å gjennomføra møtet.

## **8. DELEGASJON AV LOVAR TIL POLITISKE ORGAN OG RÅDMANN**

Under er det lista opp dei lovane som gir fullmakter eller oppgåver til kommunen. Når ikkje anna er nemnd gjeld delegasjonen heile lova.

Utvalet som har fått delegert den einskilde lov frå kommunestyret kan følgje opp praktiseringa av rådmannen sin delegasjon og har fullmakt til å trekke tilbake delegasjonen.

### **8.1 ALKOHOLLOVA**

Kommunestyret delegerer Alkohollova til Levekårsutvalet, med unnatak av følgjande paragrafar;

Ikkje delegert:

- §1-6. Løyveperioden
- §1-7. Løyve for sal og skjenking
- §1-7d. Kommunal alkoholpolitisk handlingsplan
- §3-3. Fastsetting av talet på salsløyver for AS Vinmonopolet
- §3-7 Tidsinnskrenkningar for sal og utlevering av alkoholholdig drikk med høyst 4,7 volumprosent alkohol
- §5-3 Skjenkebevilling til Forsvarets befalsmesser m.v
- §1-8. Inndragning av sals- og skjenkeløyver

Rådmannen får delegert fullmakt til å gjere vedtak på:

- Ambulerande løyve (§ 4-5)
- Løyve for einskildshøve (§ 1-6)
- Utviding av skjenketid og skjenkeareal for enkelthøve til eksisterande løyve. (§ 4-2 og 4-4)
- Mindre brot og avvik, forskrift 10-1 til 10-6 (mindre enn fire prikkar)

### **8.2 AKVAKULTURLOVA**

Kommunestyret delegerer Akvakulturlova i sin heilskap til LMT-utvalet

Kommunestyret delegerer myndet til å gjere enkeltvedtak og saker av ikkje prinsipiell betydning vidare til Rådmannen



### **8.3 ARKIVLOVA**

Kommunestyret delegerer Arkivlova i sin heilskap til Rådmannen

### **8.4 BARNEHAGELOVA**

Kommunestyret delegerer Barnehagelova i sin heilskap til Levekårsutvalet.

Kommunestyret delegerer myndet til å gjere enkeltvedtak og saker av ikkje prinsipiell betydning vidare til Rådmannen

### **8.5 BARNEVERNLOVA**

Kommunestyret delegerer Barnevernlova til rådmannen med unnatak av paragrafane lista under.

§2-4. Vedtekter for forsøksverksemd

### **8.6 BEITELOVA**

Kommunestyret delegerer Beitelova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

### **8.7 BRANN- OG EKSPLOSJONSVERNLOVA**

Kommunestyret delegerer Brann- og eksplosjonsvernlova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

### **8.8 BYGDEALLMENNINGSLOVA**

Kommunestyret delegerer Bygdeallmenningslova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

### **8.9 DISKRIMINERINGSLOVA**

Kommunestyret delegerer Diskrimineringslova i sin heilskap til Formannskapet.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

### **8.10 DISKRIMINERINGS- OG TILGJENGELIGHETSLOVA**

Kommunestyret delegerer Diskriminerings- og tilgjenglighetslova i sin heilskap til Formannskapet.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

### **8.11 DYREHELSEPERSONELLOVA**

Kommunestyret delegerer Dyrehelsepersonellova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **8.12 EIERSEKSJONSLOVA**

Kommunestyret delegerer Eierseksjonslova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **8.13 ENERGILOVA**

Kommunestyret delegerer energilova til Formannskapet

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **FJELLOVA**

Kommunestyret delegerer Fjellova til Utval for landbruk, miljø og teknikk, med unntak av val av fjellstyre (§3 og 5) og fastsetting av godtgjering (§7)

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **8.14 FOLKEBIBLIOTEKSLOVA**

Kommunestyret delegerer Folkebibliotekslova i sin heilskap til Levekårsutvalet.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **8.15 FLAGGING PÅ KOMMUNALE BYGNINGAR**

Kommunestyret delegerer lov om flagging på kommunale bygningar til rådmann

## **8.16 FOLKEHELSELOVA**

Kommunestyret delegerer Folkehelselova, til Levekårsutvalet, med unntak av høvet til å legge straff (§ 18)

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning, samt dei kommunale oppgåvene etter forskrift om miljøretta helsevern.

## **8.17 FORPAKTINGSLOVA**

Kommunestyret delegerer Forpaktingslova med unntak av val av skjønnsmedlemmer (§11, 2. avsnitt) til Utval for landbruk, miljø og teknikk under.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **8.18 FORUREININGSLOVA**

Kommunestyret delegerer Forureiningslova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **8.19 FRILUFTSLOVA**

Kommunestyret delegerer Friluftsløva i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **8.20 FRITIDS- OG SMÅBÅTLOVA**

Kommunestyret delegerer Fritids- og småbåtlova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **8.21 GJELDSORDNINGSLOVA**

Kommunestyret delegerer Gjeldsordningslova i sin heilskap til Levekårsutvalet

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning

## **8.22 GJERDELOVA**

Kommunestyret delegerer Gjerdelova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **8.23 HAMNE- OG FARVANNSSLOVA**

Kommunestyret delegerer Hamne- og farvannslova, til Utval for landbruk, miljø og teknikk, med unnatak av paragrafen under;

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **8.24 HANNDYRLOVA**

Kommunestyret delegerer Hanndyrlova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **8.25 HELSE- OG OMSORGSTJENESTELOVA**

Kommunestyret delegerer Helse- og omsorgstjenestelova til Levekårsutvalet, med unnatak av paragrafen under.

Ikkje delegert;

§6-1 Plikt til å inngå samarbeidsavtale

Kommunestyret delegerer myndet til å gjere enkeltvedtak og ta avgjerd i saker av ikkje prinsipiell betydning vidare til Rådmannen

## **8.26 HELSEPERSONELLOVA**

Kommunestyret delegerer Helsepersonellova i sin heilskap til Levekårsutvalet.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **8.27 HELSEMESSIG OG SOSIAL BEREDSKAP**

Kommunestyret delegerer lov om Helsemessig og sosial beredskap i sin heilskap til Formannskapet.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **8.28 HELSEREGISTERLOVA**

Kommunestyret delegerer Helseregisterlova i sin heilskap til Levekårsutvalet.

Kommestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **8.29 HUNDELOVA**

Kommunestyret delegerer Hundelova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **8.30 HUSLEIELOVA**

Kommunestyret delegerer Husleielova i sin heilskap til Formannskapet

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **8.31 INTRODUKSJONSLOVA**

Kommunestyret delegerer Introduksjonslova i sin heilskap til Levekårsutvalet.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen å gjere enkeltvedtak, samt ta avgjerd for saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **8.32 JORDLOVA**

Kommunestyret delegerer Jordlova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen å gjere enkeltvedtak, samt å ta avgjerd i saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **8.33 JORDSKIFTELOVA**

Kommunestyret delegerer Jordskiftelova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

## **8.34 KOMMUNELOVA**

Kommunelova er, med unnatak av enkeltparagrafar og punkta som er omtala før gjennomgangen av lovar, ikkje delegert.

Delegert til ordførar;

§9 Ordførar. Fylkesordførar. Varaordførar

Delegert til formannskapet;

§24 Kommunale og fylkeskommunale stillingar

§25 Partssammensette utval - administrasjonsutval

Delegert til rådmannen;

§24 Kommunale og fylkeskommunale stillingar

### **8.35 KONSESJONSLOVA**

Kommunestyret delegerer Konesjionslova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

### **8.36 KULTURLOVA**

Kommunestyret delegerer Kulturlova i sin heilskap til Levekårsutvalet.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

### **8.37 KULTURMINNELOVA**

Kommunestyret delegerer Kulturminnelova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

### **8.38 KRISESENTERLOVA**

Kommunestyret delegerer Kriesesenterlova i sin heilskap til Levekårsutvalet.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

### **8.39 LAKSELOVA**

Kommunestyret delegerer Lakselova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

### **8.40 MATRIKKELLOVA**

Kommunestyret delegerer Matrikkellova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

### **8.41 MOTORFERDSEL I UTMARK OG VASSDRAG**

Kommunestyret delegerer lov om Motorferdsel i utmark og vassdrag til Utval for landbruk, miljø og teknikk, med unnatak av paragrafen under.

Ikkje delegert;

§5. (generelle løyve etter vedtak)

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen å gjere enkeltvedtak, samt ta avgjerder i saker av ikkje prinsipiell betydning.

### **8.42 NATURMANGFOLDLOVA**

Kommunestyret delegerer Naturmangfoldlova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

### **8.43 NAV-LOVA**

Kommunelova delegerer NAV-lova i sin heilskap til Levekårsutvalet.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen å gjera enkeltvedtak og ta avgjerd i saker av ikkje prinsipiell betydning.

#### **8.44 NÆRINGSBEREDSKAPSLOVA**

Kommunestyret delegerer Næringsberedskapslova i sin heilskap til Formannskapet.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

#### **8.45 ODELSLOVA**

Kommunestyret delegerer Odelslova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

#### **8.46 OPPLÆRINGSLOVA**

Kommunestyret delegerer Opplæringslova til Levekårsutvalet.

Kommunestyret delegerer myndet til å gjere enkeltvedtak og ta avgjerd i saker av ikkje prinsipiell betydning vidare til Rådmannen

#### **8.47 PASIENT- OG BRUKARRETTIGHETSLOVA**

Kommunestyret delegerer Pasient- og brukarrettighetslova i sin heilskap til Levekårsutvalet.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

#### **8.48 PLAN- OG BYGNINGSLOVA**

Kommunestyret delegerer Plan- og bygningslova, til Utval for landbruk, miljø og teknikk, med unnatak av paragrafane lista under.

§3-3 Kommunens planoppgaver og planleggingsmyndighet

§10-1. Kommunal planstrategi

§11-4. Revisjon av kommuneplanens samfunnsdel og kommunedelplan og rullering av handlingsdel.

§11-12. Oppstart av arbeid med kommuneplan

§11-15 Vedtak av kommuneplan

§11-16. Motsegn og vedtak av departementet

§11-17. Endring og oppheving av kommuneplanens arealdel

§12-7. BestemmelserFøresegner i reguleringsplan

§12-12. Vedtak av reguleringsplan. **Andre ledd (mindre reguleringsplanar i samsvar med kommuneplan) er likevel delegert til LMT-utvalet**

§12-14. Endring og oppheving av reguleringsplan. **Andre ledd (Mindre endringar i reguleringsplanar) er likevel delegert til LMT-utvalet.**

§16-2. Ekspropriasjon til gjennomføring av reguleringsplan

§16-3 Ekspropriasjon uavhengig av reguleringsplan

§16-4 Ekspropriasjon til vann- og avløpsanlegg mv.

§17-2 Føresetnad for bruk av utbyggingsavtaler

§18-7 Fordelingsfaktorane

§31-6 Bruksendring og riving av bustad

§31-8 Utbetningsprogram

§33-1 Gebyr

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen å gjere enkeltvedtak, samt ta avgjerd i saker av ikkje prinsipiell betydning.

#### **8.49 PSYKISK HELSEVERNLOVA**

Kommunestyret delegerer Psykisk helsevernlova i sin heilskap til Levekårsutvalet.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

#### **8.50 SERVERINGSLOVA**

Kommunestyret delegerer Serveringslova i sin heilskap til Levekårsutvalet.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

#### **8.51 SIVILBESKYTTELSLOVA**

Kommunestyret delegerer Sivilbeskyttelseslova i sin heilskap til Formannskapet.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

#### **8.52 SKOGBRUKSLOVA**

Kommunestyret delegerer Skogbrukslova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

#### **8.53 SMITTEVERNLOVA**

Kommunestyret delegerer Smittevernlova i sin heilskap til Formannskapet.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

#### **8.54 SOSIALE TENESTER I NAV**

Kommunestyret delegerer lov om sosiale tenester i NAV i sin heilskap til Levekårsutvalet.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

#### **8.55 SPESIALISTHELSETJENESTELOVA**

Kommunestyret delegerer Spesialisthelsetjenestelova i sin heilskap til LMT-utvalet.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

#### **8.56 STADNAMNLOVA**

Kommunestyret delegerer Stadnamnlova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

#### **8.57 TOBAKKSKADELOVA**

Kommunestyret delegerer Tobakkskadelova i sin heilskap til Levekårsutvalet.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

### **8.58 VASSRESSURSLOVA**

Kommunestyret delegerer vassressurslova i sin heilskap til LMT-utvalet.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

### **8.59 VEGLOVA**

Kommunestyret delegerer Veglova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

### **8.60 VEGTRAFIKKLOVA**

Kommunestyret delegerer Vegtrafikklova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.

### **8.61 VILTLOVA**

Kommunestyret delegerer Viltlova i sin heilskap til Utval for landbruk, miljø og teknikk.

Kommunestyret delegerer vidare til Rådmannen for saker av ikkje prinsipiell betydning.



## 9. KLAGEREGLEMENTET (INTERNKLAGE) FOR SULDAL KOMMUNE

Vedtatt av Suldal kommunestyre kommunestyresak 17/2013

Suldal kommune vedtek følgjande reglement for handsaming av klager på enkeltvedtak gjorde av folkevalde organ eller av administrasjonen med mindre anna er fastsett i særlov.

1. For handsaming av klager på enkeltvedtak gjeld kap. VI i forvaltningslova. (Etter § 27 i forvaltningslova skal partar alltid få melding om vedtaket og om klageadgang, klagefrist og den nærare framgangsmåten ved klage.)
2. I klagesaker kor særlov fastset klagehandsaminga, går klagen til vedtaksorganet som kan endra eller fasthalda vedtaket. Blir vedtaket fastheldt følgjer ein vidare prosedyre fastsett i særlov.
3. Ved klage på enkeltvedtak gjort av rådmann eller hans underordna etter delegasjon, skal klagen setjast fram for vedkomande hovudutval som saksområdet høyrer inn under. Dette hovudutvalet er då klagenemd etter forvaltningslova § 28. Klagen skal sendast rådmannen som utan ugrunna opphald førebur og fremjar klagen for vedkomande hovudutval som kan gjere om eller endre vedtaket.
4. Ved klage på enkeltvedtak gjort av hovudutvala, vert klagen sett fram for hovudutvalet som avgjer om vedtakast skal omgjerast. I motsett fall vert klagen å sende rådmannen for handsaming i formannskapet som klageorgan. Rådmannen førebur saka for formannskapet.
5. Ved klage på enkeltvedtak gjort av styret i elverket, dagleg leiar eller hans underordna etter delegasjon, skal klagen setjast fram for styret. Klagen skal sendast dagleg leiar som utan ugrunna opphald førebur og fremjar klagen for styret som kan gjere om eller endre vedtaket. I motsett fall vert klagen å sende rådmannen for handsaming i formannskapet som klageorgan. Rådmannen førebur saka for formannskapet.
6. Ved klage på enkeltvedtak gjort av formannskapet, vert klagen sett fram for formannskapet som avgjer om vedtaket skal omgjerast. Opprettheld formannskapet vedtaket, vert klagen å senda kommunestyret for handsaming.
7. Ved klage på enkeltvedtak gjort av kommunestyret vert klagen sett fram for kommunestyret og send til rådmannen som utan ugrunna opphald legg klagen fram for kommunestyret. Held kommunestyret oppe vedtaket, vert klagen sendt til det departementet\* som vedkommande saksområde høyrer inn under.

\* ved fylkesmannen